

# Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

**Protokoll nr. 01/14**

**Møtedato 15.01.14**

**Medlemmer:**

**Varamedlemmer:**

Tilstades: x

X	Maritta Ohrstrand, KS, Kristiansund kommune, leiar		Magnhild Vik, KS, Rauma kommune
X	Britt Flem, Styremedlem HMR, nestleiar		Yvonne Wold, Styremedlem HMR
X	John Harry Kvalshaug, Styreleiar HMR		Petter Bjørdal, Styremedlem HMR
X	Christian Bjelke, Fylkeslege		Marit Hovde Syltebø, Seksjonsleiar, Fylkeslegen
	Liv Stette, KS, Ålesund kommune		Wenche Solheim, KS, Ørsta kommune
	Anders Riise, KS, Hareid kommune	X	Thorbjørn Fylling, KS, Ørskog kommune
X	Arne Sverre Dahl, KS, Molde kommune		Helge A. Carlsen, KS, Kristiansund kommune
X	Hanne-Lilian Søvik, Brukarutvalet HMR		Karsten Aak, Brukarutvalet HMR
X	Janita Skogeng, Adm. samhandlingsutval, Sunnmøre		Ragnhild Velsvik Berge, Herøy kommune
X	Olaug Haugen, Adm. samhandlingsutval, Nordmøre og Romsdal		Ketil Gaupset, Klinikksjef HMR
X	Hilde Furnes Johannesen, føretakstillitsvalt LO		Knut Ivar Egset, hovudtillitsvalt LO
X	Astrid Egset, KS, hovudtillitsvalt, LO		Sissel Bjørnhjell, KS, hovudtillitsvalt, LO
X	Terje Kjøl, fylkesstyremedlem, NSF, representant for UNIO		Anette Løkve, hovudtillitsvalt, NSF, representant for UNIO
X	Gunhild Rolandsen, fylkesleiar, NSF representant for UNIO		Solveig Kiperberg Viddal, tillitsvalt NSF, representant for UNIO
X	Helge Ristesund, Ass. direktør HMR		Astrid Eidsvik, Adm. direktør HMR
X	Britt Valderhaug Tyrhom, Samhandlingssjef HMR		Espen Remme, Strategi- og utviklingssjef HMR

*Andre:*

*Sekretariat:*

Helse Møre og Romsdal HF v/Randi Spjelkavik Ramnefjell

Møtet i Overordna Samhandlingsutval av Møre og Romsdal vart halde på Molde Sjukehus, Sagbakken – Hus 2, og starta kl. 10:00.

Leiar Maritta Ohrstrand ønska alle velkomne.

**Fråvær:** Anders Riise og Liv Stette.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal behandla følgjande saker i møtet:

**Sak 2014/01      GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE  
UNDERSKRIFT AV PROTOKOLL NR. 03/13 FRÅ MØTE 18.09.13.**

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og korrigert sakliste.

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjente innkalling og korrigert sakliste.

Overordna samhandlingsutval skreiv under protokoll nr. 03/13 som vart godkjent i møte 18.09.13.

**Sak 2014/02      ORIENTERINGSSAKER**

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tek orienteringssakene til etterretning.

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal tek orienteringssakene til etterretning.

**Sak 2014/03      HØYRING – OVERORDNA RETNINGSLINJER FOR  
SAMFUNNSANSVAR I HELSE MIDT-NORGE**

Innstilling:

Vedlagt følgjer sak 2013/84 – Høyring – Overordna retningslinjer for samfunnsansvar i Helse Midt-Norge

Ass. direktør Helge Ristesund gjennomgjekk sak Høyring – Overordna retningslinjer for samfunnsansvar i Helse Midt-Norge. Saka er sendt ut til Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal for innspel. Høyringsfrist er satt til 15.01.14. Styret skal behandle saka i styremøte 29.01.14.

Protokoll:

Det vart utlevert høyringsvar og innspel til sak Høyring – Overordna retningslinjer for samfunnsansvar i Helse Midt-Norge, frå Norsk Sykepleierforbund. Høyringsvar vil bli sendt ut saman med protokoll.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal har drøfta dei overordna retningslinjer for samfunnsansvar i Helse Midt-Norge, og har følgjande uttale:

- Utvalet burde hatt ei breiare samansetning for å få fram samspel med helseforetak og omgjevnadar.
- Skal helseforetaket lykkast med sitt samfunnsansvar krevjast det mykje nærare dialog med føretakets omgjevnadar, særskilt kjem og andre folkevalte organ. Dialogen treng gode arenaer og utvikling av felles forståing og samhandling i regionen.
- Avsnitt miljø og klima, vil vi fremje miljø, mål og ernæring som fagområde.
- Robuste fagmiljø må synleggjerast som føresetnad for kvalitet i helsetenester og uttale om utdanning av helsepersonell frå Norsk Sykepleierforbund med støtte frå Fagforbundet, blir oversendt til helseforetaket og kommunar for vidare oppfølging

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek følgjande uttaling til dei overordna retningslinjer:

- Utvalet burde hatt ei breiare samansetning for å få fram samspel med helseforetak og omgjevnadar.
- Skal helseforetaket lykkast med sitt samfunnsansvar krevjast det mykje nærare dialog med føretakets omgjevnadar, særskilt kjem og andre folkevalte organ. Dialogen treng gode arenaer og utvikling av felles forståing og samhandling i regionen.
- Avsnitt miljø og klima, vil vi fremje miljø, mål og ernæring som fagområde.
- Robuste fagmiljø må synleggjerast som føresetnad for kvalitet i helsetenester og uttale om utdanning av helsepersonell frå Norsk Sykepleierforbund med støtte frå Fagforbundet, blir oversendt til helseforetaket og kommunar for vidare oppfølging

**Sak 2014/04 SAMHANDLINGSSTRATEGI FOR MØRE OG ROMSDAL**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm orienterte om status i samhandlingsstrategi for Møre og Romsdal.

Det vart innspel frå rådmann Olaug Haugen, rådmann Arne Sverre Dahl og brukarrepresentant Hanne-Lilian Søvik.

Protokoll:

Det skal veljast 3 representantar frå regionen til ei arbeidsgruppe som skal vere involvert i arbeidet som skal arbeide i eit samhandlingsprosjekt, som skal stå bak invitasjon til felles møte og for å utarbeide plan for det vidare arbeidet framover.

Det var lagt fram forslag til følgjande representantar:

- Olaug Haugen, rådmann i Tingvoll kommune
- Britt Rakvåg Roald, dagleg leiar ROR
- Liv Stette, kommunalsjef, Ålesund Kommune (med atterhald om at ho stiller. Dersom Liv Stette ikkje stiller er det lagt fram forslag om Ragnhild Velsvik Berge, pleie- og omsorgssjef, Herøy Kommune).
- Praksiskonsulentar
- Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm
- Strategi- og utviklingssjef Espen Remme

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek at følgjande representantar er foreslått for å delta i arbeidsgruppa innan samhandling:

- Olaug Haugen, rådmann i Tingvoll kommune
- Britt Rakvåg Roald, dagleg leiar ROR
- Liv Stette, kommunalsjef, Ålesund Kommune (med atterhald om at ho stiller. Dersom Liv Stette ikkje stiller er det lagt fram forslag om Ragnhild Velsvik Berge, pleie- og omsorgssjef, Herøy Kommune).
- Praksiskonsulentar
- Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm
- Strategi- og utviklingssjef Espen Remme

**Sak 2014/05 MØTEDATOAR 2014**

15.01.2014	Molde, Sagbakken – Hus 2
24.04.2014	Ålesund Sjukehus, adm. – Styrerrommet
01.10.2014	Molde, Sagbakken – Hus 2
02.12.2014	Ålesund Sjukehus, adm. - Styrerrommet

Vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal, tilrår at møter i det overordna samhandlingsutvalet for Møre og Romsdal planleggast til følgjande datoar:

15.01.2014	Molde, Sagbakken – Hus 1
24.04.2014	Ålesund Sjukehus, adm. – Styrerrommet
01.10.2014	Molde, Sagbakken – Hus 2
02.12.2014	Ålesund Sjukehus, adm. - Styrerrommet

Informasjon om val av nye representantar vert sendt ut i god tid før neste møte til kommunar og helseforetak og brukarutval.

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek at val av nye medlemmar og varamedlemmar til Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal, vert fremma som eiga sak på neste møte.

Sak 2014/06

**RESULTAT AV REFORHANDLING/EVALUERING AV SAMARBEIDSAVTALEN MELLOM KOMMUNANE OG HELSE MØRE OG ROMSDAL HF**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm informerte om resultat av reforhandling/evaluering av samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF.

Utvalet har hatt 3 møter.

Nokre endringar er gjort og eit samrøystes forhandlingsutval stiller seg bak dei forslaga til endringar som i samarbeidsavtala som framgjeng av denne saka.

Protokoll:

Forslag til følgjande endringar:

- Vedlegg 12 til Samarbeidsavtalen:  
Samhandlingsstruktur i Møre og Romsdal mellom kommunene og Helse Møre og Romsdal HF  
- Pkt. 3.2 Samansetning:  
”Styret i Helse Møre og Romsdal HF oppnevner 4 representanter og 4 vararepresentanter, 2 *politiske representanter* fra styret og 2 administrative representanter” endras til Styret i Helse Møre og Romsdal HF oppnevner 4 representanter og 4 vararepresentanter, 2 *eigaroppnemnte representantar* fra styret og 2 administrative representanter.”

Fagforbundet v/Hilde Furnes Johannesen fremma forslag på at tillitsvalte i det overordna samhandlingsutvalet samt dei administrative samhandlingsutvala skal inn med fulle rettigheter, på lik linje med andre.

Det vart delt ut skriv frå KS og organisasjonane, angående felleserklæring vedrørende samarbeid mellom partene i arbeidet med samhandlingsreforma. Skrivet vil bli sendt ut saman med protokoll.

Votering:

Forslag om nytt punkt frå Fagforbundet v/Hilde Furnes Johannesen på at tillitsvalte i det overordna samhandlingsutvalet samt dei administrative samhandlingsutvala skal inn med fulle rettigheter, på lik linje med andre.

Det var 8 stemmeberretigede på møtet. Forslaget vart vedteke med 5 stemmer mot 2 stemmer (1 avstod frå å stemme)

Vedtak:

- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal sluttar seg til dei endringar og justeringar som er foreslått, men at endringar til pkt 12 vert utsett og strukturen arbeidast vidare med i perioden 2014.
- Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal vedtek forslag om at dei tillitsvalte skal inn med fulle rettigheter i dei reviderte avtalane.
- Utvalet rår til at den reviderte avtalen blir sendt til kommunane i Møre og Romsdal og til helseforetaket for godkjenning.

**Sak 2014/07 PRAKSISKONSULENTORDNINGA - FORSLAG OM UTVIDELSE AV ORDNINGA SOM EIT SAMARBEID MELLOM HELSEFORETAKET OG KOMMUNA6NE I FYLKET.**

Samhandlingssjef Britt Valderhaug Tyrholm orienterte om praksiskonsulentordninga og utvidelse av ordninga som eit samarbeid mellom helseforetaket og kommunane i fylket.

Hensikten med ordningen er å bidra til økt samhandling og koordinering mellom primærhelsetjenesten og spesialisthelsetjenesten. Dette arbeidet er godt i gang.

I forbindelse med reforhandling av samarbeidsavtalen mellom Helseforetaket og kommunene er saken om utvidelse av ordningen diskutert og støttet av forhandlingsutvalget. I og med at tidspunkt for reforhandling av samarbeidsavtalen ikke samsvarer med budsjettarbeidet i kommunene ble det tilrådd at en sender en særskilt henvendelse angående et økonomisk samarbeid om å utvide ordningen med praksiskonsulenter.

Forslag til vedtak:

Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal sluttar seg til forslaget om at det samarbeidast om ei utviding av praksiskonsulentordninga slik det framgår av saksutgreiinga.

**Sak 2014/08 EVENTUELT**

Fylkeslege Christian Bjelke sender over en presentasjon utarbeidet av Petter Øgar som omhandler ulike sider ved Samhandlingsreformen. Denne vedlegges protokollen

**Sak 2014/09    GODKJENNING AV PROTOKOLL NR. 01/14 FRÅ MØTE 15.01.14.**Innstilling:

Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 01/14 frå møte 15.01.14.

Vedtak:

Overordna Samhandlingsutval Møre og Romsdal godkjenner protokoll nr. 01/14 frå møte 15.01.14.

Møtet slutt kl.13:42

Maritta Ohrstrand	John Harry Kvalshaug	Hanne-Lilian Søvik
Astrid Egset	Janita Skogeng	Gunhild Rolandsen
Hilde Furnes Johannessen	Sissel Bjørnhjell	Anette Lekve
Britt Valderhaug Tyrholm	Britt Flem	Anders Riise
Arne Sverre Dahl	Olaug Haug	Christian Bjelke
Terje Kjøl	Thorbjørn Fylling	